



Nilsen Vvs As
Storebotn 40
5309 Kleppestø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3151 - 23/69912

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
07.09.2023

Foreløpig svar på ferdigmelding - Gbnr 445/498 - Manger nedre

Tiltak: Tilknytning kommunalt vatn og avløp
Byggjestad: Langhøyane 87 – Gbnr 445/498
Tiltakshavar: Grethe Farestvedt
Ansvarleg søkjar: Nilsen Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigmelding 18.08.2023.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Hovudleidningsnettet er ikkje satt i drift. Inntil kommunen har fått innmålingsdata på leidningsnett og dette er satt i drift, kan kommunen ikkje handsame søknad om ferdigmelding.
2. Det må sendast inn ny situasjonsplan som viser leidningsnett «som bygd» frå veggliv og heilt fram til tilknytingspunktta på dei kommunale leidningane.

Når innmålingsdata ligg føre, vil kommunen få dette registrert i vårt kartsystem. Når dette er på plass, kan De hente ut VA-kart som skal nyttast i ferdigmeldinga. Vi gjer merksam på at situasjonsplan «som bygd» skal være på kommunen sitt VA-kart.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggesak v/sakshandsamar
Grethe Farestvedt

Løbergsalleen 2 5073

Bergen

Mottakarar:

Nilsen Vvs As

Storebotn 40 5309

Kleppestø